



Ein av dei ivrige og dyktige turleiarane til Kvinnherad Turlag er Mona Enes i Uskedalen. Denne sesongen har ho fleire oppdrag, men eitt av dei er litt spesielt. Det har overskifta JENTETUR FRÅ FYR TIL FYR.

Misforstå ikkje, det er ikkje eit amorøst oppdrag, fyr tyder i denne samanhengen fyrtårn og turdeltakarane skal overnatta på to av dei: Ryvarden og Slåtterøy. Det spesielle er at turen går på tohjulingar og at berre jenter får delta!

Mona har i det siste trent skikkeleg på den gode, gamle DBS-en og er klar for turen som vert avvikla fredag, laurdag og sundag om halvanna veke. Den startar på Sunde og dei 10 deltakarane og turleiarane Mona og Tove (Apeland) set seg på sykkelen på Sveio.

Første etappe gå til kulturfyret Ryvarden der det er mat og overnatting. Laurdagen får gruppa svetta ut for då skal dei sykla Bømlø på langs og det er 6 mil. Dagen sluttar med båttur frå Brandasund til Slåtterøy fyr og overnatting. Sundagen startar med båttur til Austevoll, held fram med sykkelstur over Stolmen til Hufthammar og retur til Sunde om kvelden.

Høyrest det fristande? I så fall må du venta til neste år. På grunn av at det ikkje er fleire sengjeplassar på Ryvarden er grensen 10 deltakarar. Dei er i nærsagt alle aldrar og kjem frå Kvinnherad, Bergen og Stord. Og Mona lovar at dei får ei festleg helg - heilt fri for mannfolk! Ho avslører at det har vore spørsmål frå slike om å få bli med, men dei har fått nei!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen